



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
10.07.2014  
Dykkar dato  
24.06.2014

Vår referanse  
2012/6294 421.4  
Dykkar referanse  
14/685

Austrheim kommune  
Kommunehuset  
5943 Austrheim

### Austrheim - detaljregulering næringsområde N05 Leirvågkrysset - PlanID **12642005006**

Me viser til oversending med frist til 17.08.2014 for å koma med uttale.

#### Fylkesmannen sine merknader

Fylkesmannen konkluderte i brev av 21.06.2012 med at risikoanalysen mellom anna ikkje var i tråd med krav i TEK10. Til dømes var ikkje akseptkriteria definert, samstundes som planen òg mangla ei sjølvstendig risikovurdering. Det vart i staden vist til ROS-analyse utført i samband med utarbeidning av kommunedelplanen for området. Det er ikkje i samsvar med kravet i plan- og bygningslova § 4-3, som krev ROS-analyse i den einskilde plan.

Framleis er ROS-analysen i reguleringsplanen mangelfull, slik òg kommunen skriv i si saksutgreiing. Til gjengjeld er det no i føresegogene til planen lagt inn krav for å ta omsyn til risiko slik at ein ikkje aukar samla risiko i området, noko som gjer at vi utifrå ei heilskapsvurdering finn å kunne fråfalla motsegna til reguleringsplanen.

Plan- og bygningslova set grenser for kva det kan gis føresegner om i ein reguleringsplan. I reguleringsføresegogene pkt. 1.4 er det sett krav om at det skal utarbeidast utbyggingsavtale med Austrheim kommune. Kommunen kan setja rekkjefølgjekrav i ein reguleringsplan, og ein kan inngå utbyggingsavtale for å oppfylla slike krav. Det er likevel ikkje høve i reguleringsføresegner å stilla krav om at ein skal inngå ein slik avtale.

Det kan heller ikkje stillast krav om oppretting av veglag e.l. som det er gjort i føresegogene pkt. 1.8, då det er eit privatrettsleg forhold.

Fylkesmannen har elles ikkje merknader til planforslaget.

Med helsing

Else-Kristin Foss Vikenes e.f.  
avdelingsdirektør

Arve Meidell  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Hordaland fylkeskommune      Postboks 7900      5020      Bergen